



Farmasihistorie i "Vampyrland"

Bjarne Thune

APOTEKAR ASKØY APOTEK

Foto: Nina Aldin Thune

Farmasiens representantar er helsearbeidarar i aller fremste rekkje. For å kunna utvikla deira viktige funksjonar vidare inn i framtida, er det viktig å ha med seg farmasihistoria.

○ Dette var hovudinnhaldet i helsinga som vart opplesen på vegne av Romanias president, Ion Iliescu, til dei kring 250 som var samla ved opninga av den 36. internasjonale kongressen i farmasihistorie, halden i den vesle rumenske kurbyen Sinaia, 24. - 27. september 2003.

– Utan å kjenna fortida, og læra av den, kjem ein ikkje på rett kjøl inn i framtida, heldt presidenten fram i helsinga si, og dette kan vel ein kvar farmasihistorikar seia seg meir enn samd i!

Hovudtema for årets kongress var m.o.a. museologi og arkeologi i farmasihistoria, og sjølv om både dei inviterte hovudforedraga og mange av dei andre kunne knytast laust til desse hovudemna, var det diverse andre som best kunne klassifiserast under "varia".

Valets kval

Bortsett frå hovudforedraga, var som vanleg tre foredrags-haldarar i elden samtidig i tre ulike salar, og då får ein sjølv-sagt problem med å velja. Skal ein gå etter foredragstittel, språket det blir framført på eller "gamalt venskap"? Sidan kongressen i år vart halden så langt sør, vart svært mange foredrag haldne på fransk og italiensk, noko som krev årvakne sansar og mobilisering av alle språklege ressursar for oss nordbuuar. Når ein så inn-mellom får eit innlegg på engelsk, glir det inn i øyra mest som eit norsk sidemål. Av dei kring 100 foredraga, var det praktisk mogeleg å få med seg ein fjerdedel, og ein lurer alltid på i ettertid om ein har valt dei rette. Det var svært mange interessante og vekslende emne som vart handsama meir eller mindre profesjonelt.

Nordiske innlegg

Norden var diverre svakt representert mellom foredragshaldarane. Det var berre svenske Rune Lønngren som forsvarte vår ære, og det på eit imponerende fransk: "Contributions de la pharmacie à l'évolution des eaux minérales artificielles".

Teknisk sviikt

Det reint praktiske og tekniske hadde ein lei tendens til å svikta totalt under denne kongressen, særleg tidleg på dagen. Det kunne dreia seg om alt frå problem med å finna rett nykkel til foredragssalen, til totalt umedgjerlege slides-framvisarar eller manglande harddiskar til power-point. Stakkars den som måtte improvisera og snakka til dels utan sine hand-plukka, praktfulle illustrasjonar eller til slides som til tider låg utanpå kvarandre eller gjerne berre hoppa av undervogs.

◀ "Peles", sommarslottet til den rumenske kongefamilien. Kvar sommar kom dei til Sinaia, den vesle karpatiske kurbyen, 800 m over havet. I dag bur det ca 16.000 menneske i Sinaia.

Mange farmasihistoriske samlingar

Romania har vore og er eit svært fattig land, iallfall med vår målestokk. Fantastisk er det då å sjå at dei har sett seg råd til diverse imponerende farmasimuseum, frå det nasjonale apotekmuseet i Bucuresti til omfattande samlingar m.o.a. i Cluj, Sibiu og Pitesti. Kanskje det er nettopp fattigdommen som har gjort at endringane har vore små og udramatiske opp gjennom tidene, og som gjer at dei har både praktfulle gamle apotekinterior og alle mogelege utensiliar, standkar og litteratur intakt frå mest alle mogelege tidsepokar. Apotekvesenet i Romania har ikkje vore så mykje prega av lovpålagde endringar og hyppige trendpåvirka ombyggingar som vi har sett så mange døme på hjå oss. Difor har dei og fått med seg arvegodsset, og har synt evne til å ta hand om det på ein imponerende måte.

Hard kerne frå Norge

Frå Norge brukar det som regel vera med ein liten flokk farmasihistorie-entusiastar. I år var denne flokken ekstra liten, men vi, ein delegasjon på fem, slo våre nordiske vener ned i støvlane. Svenskane stilte med tre, finnar og danskar med to kvar.

Klostra i Moldavia

Som vanleg vart det arrangert turar for spesielt interesserte både før og etter sjølve kongressen. Underteikna med fylgje valde ein tur frå Sinaia i sør, til Moldavia, mest mot grensa til Ukraina i nord, der reisemålet var dei heilt unike greskortodokse klosterkyrkjene i dette området. Dei er like praktfullt dekorerte på utsida som på innsida, og fleire av dei er komne på lista til UNESCO over umissande verdsarv.

Mange av desse har røter attende til 1400-talet, og nokre har no fått midlar til restaurering nettopp gjennom UNESCO. Elles var det tydeleg å merka at trass i stor fattigdom, er, og har, kyrkja svært lenge vore eit viktig samlingspunkt i Romania. Vi såg eit utal nye og berre delvis ferdige kyrkjebygg, reiste etter gamle tradisjonar og prinsipp.

Som i gamle dagar

Ein baktanke med tredagars-turen var sjølv-sagt å få sjå mest mogeleg av landet, og Romania er ei vakkert land, med svært variert landskap frå uendelege, flate vidder med jordbruksland til Karpatane, med dei transylvanske alpar, med dystre, mørke granskogar og gigantiske fjellformasjonar. Vi kom midt i potetopptakinga, og det var reint vemodig og nostalgisk for eit landsens menneske å sjå korleis avlinga vart pløygd opp med hest eller okse som drivkraft, medan hundrevis av ivrige hender fór etter og plukka i bytter og koger. Langs vegane stod det mange som selde frukt og blommar frå sine små hageflekkar, elles er framleis det meste av jorda i statens eige i Romania. I årevis har det vore arbeidd med korleis tidlegare eigarar eller arvingane deira skal kunna få attende jordeigedommane dei vart fråtekne då kommunistane overtok styre og stell etter 2. verdskrig. Vegtrafikken kring i landet bestod minst like mykje av hestar og kjerrer som bilar, og tidt og ofte laut vi bråbremsa for kyr, grisar og diverse fjørkre i vegbana.

Det som kanskje likevel heng lengst att i minnet frå Romania-turen er nok dei hundrevis av lausbikkjer vi såg og ikkje minst høyrde, overalt. Å vakna kvar einaste natt, anten i Sinaia eller ein eller annan

stad i Transylvania av klagande og hylande hundar er mildt sagt stemningsskapande. Var det nokon som nemnde Dracula? ●

Neste farmasihistoriske kongress er om to år i Edinburgh, 22. - 25. juni 2005.



St. Cosmas og St. Damian, frå interiørdekoren i Moldovita. Dei to helgenbrørne er i den katolske og greskortodokse kyrkja høge vernarar av medisin (Cosmas) og farmasi (Damian).